

- Dei hadde utruleg flaks



Eit mannskap på fem overlevde i dag samanstøyt med kraftline. Ein seglbåt køyrde rett inn i lina som førte 22 000 volt.

SIRI KLEIVEN STRØM
siri.kleiven.strom@nrk.no

KAROLINE KALSTVEIT
karoline.kalstveit@nrk.no

Publisert 20.07.2009 16:37.

Ulukka skjedde i føremiddag mellom Nyleia og Fitjar sentrum, skriv sunnhordland.no.

Masta på 18 meter kutta lina med eit spenn i 15 meters høgde.

Andre ulukka på ti dagar

For elleve dagar sidan, 9. juli, fann ei liknande ulukke stad ved Fitjarøyane.

- Me ynskjer oss meir oppmerksame seglarar. Dei må fylgje med på kart og skilting når dei går inn i tronge sund. Høgspenninglinene er jo godt skilta, seier Ole Vidar Lunde i Fitjar Kraftlag til NRK.

Livsfarleg

22 000 volt går igjennom desse linene. Lunde meiner det berre er flaks at ingen har vorte skadde.

- Dersom ein er i kontakt med eit slikt spenningsnivå snakkar me fort om dødsfall, seier Lunde.

Kostar mellom 100 000 og 200 000

- Slike ulukker kostar mellom 100 000 og 200 000 kroner når alt er betalt, seier Lunde.

Er det noko som kan gjerast for å hindre at slike ulukker skjer?

- Når sommarferien er over må me setja oss ned og kanskje tenke litt nytt. Kanskje må me byggja om på dei mest utsette plassane, seier Lunde.

